

Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Tom Solemdal

Gaupåsvegen 251
5265 YTRE ARNA

Dykkar ref.	Sakshandsamar: Siril Sylta
Vår ref. 2013/2728 - 0 - 3074/2014	Telefon
Arkivkode: 196/155	Dato: 10.02.2014

Svar på Dykkar førespurnad datert 20.01.2014 - gbnr 196/155 Midtgård

Det vert vist til Dykkar brev datert 20.01.2014 som gjeld klage på avvising og krav om dokumentasjon. Lindås kommune beklagar sein tilbakemelding i saka.

I brevet viser du til at «kommunale byggesaksgebyr skal beregnes etter prinsippet om selvkost og jeg vil derfor be om dokumentasjon for beregningsgrunnlaget».

I samband med søknad om planering av tomt og oppføring av støttemur, vart det gjeve løyve til omsøkte tiltak i vedtak datert 06.12.2013. I vedtaket vart det gjeve gebyr på kr. 19.000,- for terrenginngrep, støttemur og lokal godkjenning av ansvarsrett i samsvar med Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013.

Heimel til å gje gebyr i byggjesaker følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 33-1. I pbl § 33-1 står det at «gebyret skal ikkje overstige kommunens nødvendige kostnader på sektoren». I forarbeida til pbl står det «*gebyret skal ikkje overstige kommunens nødvendige kostnader på sektoren. Gebyrene skal fastsettes i forhold til arbeidsmengde, men det er ikke meningen at kommunen skal måtte beregne konkret hvor mange timers arbeid som medgår til å behandle den enkelte søknad. Det aksepteres en viss grad av standardisering av gebyrsatsene med utgangspunkt i de gjennomsnittlige utgiftene for vedkommende sakstype*».

Gebyra i gebyrregulativet er sett ut i frå ein standardisering av gebyrsatsane, der også administrative kostnader er teke med i vurderinga av den gebyrsatsen som er vedtatt. Det er dette som er grunnlaget for det gebyret som er sett i denne saka.

Eg ber om skriftleg tilbakemelding frå deg om din klage på vedtak om avvising av klage på gebyr datert 17.01.2014 vert oppretthalde.

Med helsing

Siril Sylta
konstituert fagleiar